

Gebyr for handsaming av plansaker og dispensasjonar frå plan.

Regulativet gjeld for handsaming av framlegg til reguleringssaker, tomtedelingsplanar, plan for utbygging, søknader om dispensasjon, m.v.

§ 0 Dette gebyrregulativet er ei forskrift fastsett av Fitjar kommunestyre sak PS 73/11 og er heimla i § 33-1 i Plan og bygningslova, § 2-1 i same lov samt Kart- og planforskrifta § 7. Gebyret gjeld frå 01.01.2012 og avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

§ 1 Generelt

§ 1.1 Etter dette regulativet vert det kravd gebyr for handsaming av:

- Framlegg til reguleringsplanar og endring av desse, pbl §§ 4-1, 4-2, 12- 8, 12- 9, 12-10, 12-11, 12-12 og 12-14.
- Framlegg om mindre endringar av reguleringsplanar samt endringar av meir "bagatellmessig" karakter, pbl § 12-14.
- Framlegg til tomtedelingsplanar, plan for utbygging, separate søknader om dispensasjon frå kommuneplan/ reguleringsplan/utbyggingsplan, o.l

§ 1.2 Gebyret skal reknast ut etter det regulativ som gjeld på det tidspunktet tilfredsstillande sak for sakshandsaming på vedkomande trinn i prosessen (jf §§ 2.1-2.4) vert fremja for kommunen.

§ 1.3 Den som får utført tenester etter dette regulativ, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar eller den som fremjar saka.

§ 1.4 Med heimel i Pbl § 2-1 og kart- og planforskrifta § 7 vert det krevd at framlegg til reguleringsplanar og endring av desse skal leverast på digital form i samsvar med i kart- og planforskrifta §§ 8-10 med tilhøyrande produktspesifikasjonar. Planframlegget skal føreliggje på slik digital form før planframlegget vert teke opp til 1. gongs handsaming i kommunen, jf. § 10 i kart- og planforskrifta. Også mindre endringar av reguleringsplanar, endringar av meir "bagatellmessig" karakter og tomtedelingsplanar skal leverast på tilsvarende digital form.

§ 2 Gebyrsatsar

§ 2.1 For *administrativ* handsaming av prinsippøknader og søknader om å få starta arbeid med privat reguleringsplan, eller vesentleg endring av eksisterande plan(oppstartsmøte); kr. 12.000,-

§ 2.2 Der det er nødvendig med *politisk* handsaming av prinsippøknader og søknader om å få starta arbeid med privat reguleringsplan, eller vesentleg endring av eksisterande plan, påløper det eit tilleggsgebyr på kr. 8.000,- til gebyret i § 2.1.
Gebyret vert fakturert når kommunen tek oppstartsmeldinga opp til handsaming i Utval for plan og miljø

§ 2.3 Når framlegg til reguleringsplanar og endring av slike vert teke opp til 1.gongs handsaming skal det betalast eit handsamingsgebyr på;

- a. for reguleringsplanar opptil 10 daa kr. 35.000,-
 - b. for reguleringsplanar over 10 daa kr. 45.000,-
 - c. for vesentleg endring av reguleringsplanar kr. 35.000,-
- Gebyret vert fakturert når kommunen tek regulerings-saka opp til 1. gongs handsaming i Utval for plan og miljø

§ 2.4 Når framlegg til reguleringsplanar og endring av slike vert lagt fram til stadfesting skal det betalast eit handsamingsgebyr på;

- a. for reguleringsplanar opptil 10 daa kr. 25.000,-
- b. for reguleringsplanar over 10 daa kr. 30.000,-
- c. for vesentleg endring av reguleringsplanar kr. 25.000,-

Gebyret vert fakturert når kommunen tek regulerings-saka opp til stadfesting i Utval for plan og miljø.

§ 2.5 I tillegg til at planframlegg skal vere levert på digital form, skal det leverast nok eksemplar av plankart, planomtale (og evt. konsekvensutgreiing) til å dekkje trong til utsending og utlegging til alle handsamingar og offentlege ettersyn. Annonsar i aviser skal også dekkjast av tiltakshavar.

§ 2.6 For planframlegg der dei mottekne plandata oppfyller kommunen sine krav til plankart, reguleringsføresegner og planomtale i digital form vert gebyra under §§ 2.3 og 2.4 reduserte med kr. 10.000,-
Det er inkludert 2 timar kartkontroll på kvart trinn i prosessen. Dersom gjennomgang av kartgrunnlag på kvart trinn krev meir tid vert det overskytande fakturert etter medgått tid, timepris som § 2.7.

§ 2.7 Dersom reguleringsplanar må leggjast ut til offentleg ettersyn meir enn éin gong, vert det fakturert eit tillegg for ekstraarbeid etter medgått tid. Timesats er sett til..... kr. 970,-

§ 2.8 For planar med krav om planprogram og konsekvensutgreiing skal det i tillegg til satsane i § 2.3 betalast eit handsamingsgebyr på kr. 20.000,- som vert fakturert når *planprogrammet* vert teke opp til handsaming i Utval for plan og miljø.

§ 2.9 For mindre endringar i reguleringsplanar som vert lagt fram for politisk handsaming, separate søknader om dispensasjon frå kommuneplan, reg.plan/utb.plan og for handsaming av tomtedelingsplan, plan for utbygging o.l. kr. 12.000,-

§ 2.10 For mindre "bagatellmessige" endringar i reguleringsplan. kr. 10.000,-

§ 2.11 For søknad om forlenging av planvedtak kr. 15.000,-

§ 2.12 Planframlegg som berre omfattar verneomsyn, friområde, offentlege eller allmennyttige føremål, o.l. kan etter søknad fritakast for gebyr.

§ 2.13 Ved framlegg til reguleringsplan som dekkjer særleg store område arealmessig, eller som er svært tidkrevjande å sakshandsame, kan kommunen v/administrasjonssjefen avgjere at det skal utferdast tilleggsgebyr etter medgått tid og utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.